

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	10.04.2026
Vår referanse	2022/1713-18
Dykkar referanse	f04576c8-07d3-4a18-8118-1352bd8ae815
Sakshandsamar	Bjørnar Tjøflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsfråsegn til søknad om mellombels fråvik av minstevassføring nedstraums Makkoren kraftverk, NVE-ref.: 202604458

Samandrag av innspel

Det er ingen merknadar til friluftsliv. Tiltaket kan påverke oppvekstvilkåra for fisk noko, men vil ikkje påverke gytinga og er ikkje venta å endre økologisk tilstand i vassdraget. Det ligg difor ingen avgjerande vassmiljøfaglege merknadar.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyring frå NVE om søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til mellombels fråvik frå krav om minstevassføring nedstrøms Makkoren kraftverk i Høyanger kommune.

Søknaden gjeld fråvik frå krav om slepp av 250 l/s minstevassføring i ein periode på inntil seks veker, frå 1. mai til 15. juli 2026. Bakgrunnen for søknaden er behov for å tømme vassvegen for gjennomføring av reinsing av tilløpstunnelen frå Norddalsvatn. For å delvis oppretthalde vassføringa i tiltaksperioden er det planlagt vasslepp frå ventil i sperredammen på Norddalsvatn, med påslepp i bekk nedstraums kraftverket. Tiltaket er planlagt gjennomført i sommarhalvåret grunna tilkomstforhold.

Faglege vurderingar

Friluftsliv og rekreasjon

Vi har ingen merknadar m.o.t. friluftsliv.

Vassmiljø

Høgsvatnet og Makkoren vart undersøkt i 2020 og bestandsstatusen for fisken i Høgsvatnet var då vurdert til tett bestand av middels stor fisk (Faun rapport 014 - 2020). Gyte og oppvektstilhøva til vatnet vart også i denne undersøkinga vurdert som gode i både Makkoren og i innløpet frå Blankavatnet. Det omsøkte tiltaket vil truleg gjere oppvekstvilkåra noko dårlegare, men sidan tiltaket vert gjennomført på våren/sommaren, vil det ikkje gå utover gytinga dette året. Det er positivt at det vert slept vatn gjennom overløpet frå Norddalsvatnet i tiltaksperioden. Tiltaket vil heller ikkje etter vår vurdering endre på den økologiske tilstanden i vassdraget etter vassforskrifta.

Ut over dette har vi ikkje avgjerande vassmiljøfaglege merknadar.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne
- Nyare tids kulturminne
- Fylkesveg

- Villrein
- Friluftsliv
- Vassmiljø

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

HØYANGER KOMMUNE

Postboks 159

6991

HØYANGER

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER